

# Rapport



## *Levende Landskap*

**Informasjonsutstilling om Reinheimen og Breheimen  
på Coop Marked Bruvoll, Dønfoss i Skjåk**



Norsk Fjellmuseum



**Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter**

## INNHALD

|  |    |
|--|----|
| INNHALD.....   | 2  |
| 1.1 Bakgrunn .....   | 3  |
| 1.2 Forprosjekt, 2009-2010. Informasjonsportal.....                | 3  |
| 1.2.1 Kommunikasjonsplattform.....                                 | 4  |
| 1.2.2 Økonomi.....   | 5  |
| 2. NASJONALPARKUTSTILLING <i>Levende Landskap, 2011-2012</i> ..... | 6  |
| 2.1 Mål og mandat.....   | 6  |
| 2.2 Organisering .....   | 7  |
| 2.3 Gjennomføring .....  | 7  |
| 2.4 Økonomi.....   | 9  |
| 3 VEDLEGG.....   | 11 |

Lom, 10. desember 2012

Kristine Sørli  
Informasjonsrådgjevar



**Adresse:**  
Norsk Fjellmuseum  
Postboks 5  
2688 Lom

**Telefon:** 61211600  
**E-post:** [post@fjell.museum.no](mailto:post@fjell.museum.no)  
**Internett:** [www.fjell.museum.no](http://www.fjell.museum.no)

**Org.nr.**  
968324470  
**Bank:**  
2085 05 03894

# 1

## INNLEIING

### 1.1 Bakgrunn

Norsk Fjellmuseum er autorisert som Reinheimen nasjonalparksenter frå 2009, og gjennomførte eit forprosjekt i 2009-2010 for å utvikle nye informasjons- og formidlingstiltak i samsvar med vår autorisasjonsavtale med Direktoratet for naturforvaltning (DN). Det vart tilsett informasjonsrådgevar for Reinheimen i 2009 som og har vore prosjektleiar for forprosjekt og hovudprosjekt. Både forprosjekt og hovudprosjekt er gjennomført med ei lokal prosjektgruppe og leigde tenester hos konsulentfirma EXPOLOGY AS. Forprosjektet er gjennomført i 2009-2010, og hovudprosjektet i 2011-2012.

### 1.2 Forprosjekt, 2009-2010. Informasjonsportal.

Ei prosjektgruppe med representantar frå Skjåk kommune, Coop Ottadalen og Norsk Fjellmuseum og Jotunheimen reiseliv AS arbeidde med ideen i eit forprosjekt. Prosjektet er basert på eit samarbeid mellom Coop Ottadalen og Norsk Fjellmuseum, der Coop byggjer eit 50 m2 tilbygg til butikken som Norsk Fjellmuseum leiger til sin eksterne informasjon og formidling av Reinheimen og Breheimen. Her ligg det både store utfordringar og moglegheiter i å prøve ut noko heilt nytt, da både bygg, innhald og drift skal byggjast opp frå grunn. Det vil og vera ei stor drifsmessig utfordring då informasjonsutstillinga skal vera ubetjent, og følge butikken sin opningstid. Samarbeidet vart i starten regulert gjennom ein intensjonsavtale. Intensjonsavtala gjeld fram til den blir avløyst av ein endeleg og bindande avtale om husleige.

Prosjektgruppa bestemte at Dønfoss skal være Norsk Fjellmuseum sin informasjonsportal for Reinheimen og Breheimen. Dønfoss er ein viktig innfallsport og ein strategisk plass der turistar og lokalbefolkning stoppar opp og har tilhald ei stund pga campingplassen, butikken og elva som er ein viktig attraksjon for området.

Det ble kjøpt tenester av konseptutviklingsfirma Expology AS til å lage ein plan som skildrar forslag til formidlingsløysningar og kostnader ved å etablere ein kvalitetsmessig god informasjonsportal til nasjonalparkane i det planlagde 50 m2 nye tilbygg på Coop Marked Bruvoll. Forslaget til formidlingsløysningar er basert på ein tett dialog mellom Expology og prosjektgruppa.


### **1.2.1 Kommunikasjonsplattform**

Norsk Fjellmuseum sin kommunikasjonsplattform for informasjonsportalen på Dønfoss, jf. plan, Expology AS, sept 2010:

#### **”Kommunikasjonsplattform**

*”En inspirerende og berikende portal til nasjonalparkene Reinheimen og Breheimen.”*

*Et besøk i informasjonsportalens senter skal inspirere til opplevelser i nasjonalparkene og berike naturoppholdet med kunnskap. Denne visjonen skal gjennomsyre både innhold, formgivning, materialvalg og drift av informasjonsportalen. Senterets innhold uttrykker visjonen gjennom å vise til sammenhenger mellom natur og kultur, både i fortid, nåtid og i fremtid.*



#### **Målgruppe**

*Internasjonalt allment publikum, med fokus på familier, barn og unge.*

#### **Formidlingskonsept**

*Formidlingen tar utgangspunkt i to dimensjoner; ”Inspirere til opplevelser” og ”kunnskap om nasjonalparkene”. Formidlingsløsningene skal inspirere de besøkende til å oppleve nasjonalparkene og bruke nærområdet, samt tilby de besøkende kunnskap å ta med seg ut i naturen og øke kunnskap til de opplevelser de besøkende har med seg tilbake fra naturen.*

*”Inspirere til opplevelser” deles inn i tre opplevelsesperspektiver:*

## *Levende Landskap* – Informasjonsutstilling for Reinheimen og Breheimen.

- *Sosiale opplevelser. Formidlingsløsningene skal i seg selv ha en sosial dimensjon, men også inspirere til å oppleve naturen sammen med andre for å kunne dele erfaringer, ta felles ansvar og ha omsorg for vår felles naturarv.*
- *Sanselige opplevelser. Formidlingsløsningene skal speile naturens sanselige inntrykk, både i form av dramatikk, kontraster, fysisk og emosjonell påvirkning.*
- *Praktiske opplevelser. Formidlingsløsninger skal motivere til bruk av nasjonalparkenes tilbud som for eksempel å fiske, jakte, gå tur, slå leir og lage mat. Formidlingsløsninger skal videre motivere til besøk på Nasjonalparksenteret Norsk Fjellmuseum.*

*”Kunnskap om nasjonalparkene” deles inn i målsetninger innenfor:*

- *Holdning. Dette handler i hovedsak om å forstå viktigheten av ansvarlig adferd og sporløs ferdsel.*
- *Kunnskap. Læring om natur, friluftsliv, samt vern og bevaring.”*

### **1.2.2 Økonomi**

#### **Rekneskap, forprosjekt 2009-2010**

Rekneskapet viser at arbeidskostnaden ved forprosjektet utgjør ca 70 % stilling for fjellmuseet og eit betydeleg beløp er og brukt til kjøp av tenester.

|                        | <b>Budsjett</b> | <b>Rekneskap</b> |
|------------------------|-----------------|------------------|
|                        | <b>Kostnad</b>  | <b>Utgift</b>    |
| Lønnsutgifter          | 228.000         | 300.000          |
| Kontorhald             | 27.000          | 27.000           |
| Møter og reiseutgifter | 40.000          | 3.552            |
| Utvikling av materiell | 50.000          | 21.250           |
| Konsulenthjelp         | 100.000         | 113.987          |
| <b>Sum</b>             | <b>445.000</b>  | <b>465.789</b>   |

|                                 | <b>Finansiering</b> | <b>Inntekt</b> |
|---------------------------------|---------------------|----------------|
| Eigenkapital, Norsk Fjellmuseum | 245.000             | 265.789        |
| Tilskot til forprosjekt, DN     | 200.000             | 200.000        |
| <b>Sum</b>                      | <b>445.000</b>      | <b>465.789</b> |

**Budsjettestimater, etter forprosjekt:**

**Fase 3 – Detaljering**

Detaljert beskrivelse av hvordan løsningen skal lages. Utskriving av alle tekster, uttegning av alle visuelle elementer og spesifisering av alle tekniske løsninger. Produksjonsbeskrivelser til prosjektmedlemmer og underleverandører.

**Fase 4 – Produksjon**

Ferdigstilling av alle elementer i løsningen. Produksjon av interiør, grafikk, AV og multimedia.

**Fase 5 – Montering**

Installasjon og testing av alle løsningens elementer i bruksmiljø.

**Fase 6 – Overtakelse**

Overlevering av leveransen til kunden

**Total 1 430 000,- ( eks. mva, reiser, diett og frakt)**

## **2. NASJONALPARKUTSTILLING**

### *Levende Landskap, 2011-2012.*

#### **2.1 Mål og mandat**

Hovudprosjektet skal med utgangspunkt i forprosjektet detaljere det faglege innhaldet i utstillinga og få på plass dei fysiske utstillingselementa. Norsk Fjellmuseum har ansvar for finansiering og sikre det faglege innhaldet og at kvaliteten på formidlingsløysningane er i samsvar med nasjonalparksenteret sine autorisasjonskrav. Ein lokal prosjektgruppa skal bidra med sin fagkompetanse og lokalkunnskap om nasjonalparkane. Prosjektgruppa skal gje sine faglege innspel til Expology, som etter oppdrag skal utforme innhaldet og designe informasjonsløysningane.

Prosjektet omfattar ikkje det fysiske tilbygget på Coop Marked Bruvoll. Coop Ottadalen er ansvarleg for tilbygget, og Norsk Fjellmuseum inngår leigekontrakt med Coop Ottadalen.

## 2.2 Organisering

Arbeidet ble organisert med ei arbeidsform som inkluderar sentrale aktørar kring Reinheimen nasjonalpark i prosjektgruppa. Norsk Fjellmuseum eig og leiar prosjektet. Det er kjøpt tenester av EXPOLOGY til vidare utforming, design, produksjon og montering.

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <b>Prosjekteigar</b>       | Norsk Fjellmuseum – Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter   |
| <b>Prosjektansvarleg</b>   | Dagleg leiar Mai Bakken  |
| <b>Prosjektleiar</b>       | Informasjonsrådgjevar Kristine Sørлие  |
| <b>Prosjektgruppe</b>      | Trond Stensby, sekretær KUR<br>Bjørn Dalen, nasjonalparkforvaltar Breheimen<br>Astrid Gjertsen, Jotunheimen Reiseliv AS<br>Tor Taraldsen, Skjåk kommune<br>Per Olav Haugen, SNO Reinheimen<br>Øyvind Angard, SNO Breheimen<br>Kristine Sørлие, prosjektleiar |
| <b>EXPOLOGY, konsulent</b> | Sofia Nagell, Göran Joryd, Brynjulf Krokstrand, m.fl.  |
| <b>Samarbeidspart</b>      | Rune Fossmo, Coop Ottadalen BA<br>Bjørn Horten, arkitekt RAM arkitektur as<br>Leif Einar Olsen, Tessand Snekkerlag<br>Rolv Kristen Øygard, ordførar Skjåk kommune  |
| <b>Finansiering</b>        | Skjåk Energi AS, Skjåk Allmenning, Skjåk kommune, Sparebank 1 Lom og Skjåk, DN, SNO (bestillingsdialogen), Nasjonalparkstyret for Breheimen.   |

## 2.3 Gjennomføring

Hovudprosjektet si tidsramme var på eitt år, med formell start 12. september 2011 og avslutning ved tidspunkt for overtaking 19. september 2012.

### Oversikt over hovudaktivitet og framdriftsplan:

|    | <b>Tiltak:</b>   | <b>Ferdig:</b> | <b>Ansvarlig:</b> |
|----|--|----------------|-------------------|
| T1 | Bestilling til Expology AS om detaljering, produksjon og montering av formidlingsløysning, jf. forprosjekt | 7. juli 2011   | Norsk Fjellmuseum |

*Levende Landskap – Informasjonsutstilling for Reinheimen og Breheimen.*

|      |   |                                     |  |
|------|---|-------------------------------------|--|
| T2   | Oppstartsmøte på Norsk Fjellmuseum  | 12.september 2011, veke 37          | Prosjektgruppe Expology                            |
| T3   | Etablere lokal prosjektgruppe   | 12.september 2011, veke 37          | Prosjektgruppe                                     |
| T4   | Oppstartsmøte med Coop Ottadalen, arkitekt og snekker   | 14.oktober 2011, veke 41            | Norsk Fjellmuseum                                  |
| T5   | Kontrakt mellom Expology og Norsk Fjellmuseum   | Veke 42                             | Expology AS<br>Norsk Fjellmuseum                   |
| T6   | Utarbeide tekst og gje innspel til lokale tema, bilete/illustrasjon og innhald i informasjonsløysning | Frå sept – okt 27.okt., veke 43     | Prosjektgruppe                                     |
| T 7  | Overleveringstekst, bilete og innhald til Expology  | Veke 47<br>tekst 25.11, kart 29.11  | Norsk Fjellmuseum                                  |
| T 8  | Manus, vidareutvikle faginnhald   | Veke 51                             | Expology   |
| T 9  | Overlevere filmopptak, bilete   | veke 4 2012                         | Norsk Fjellmuseum                                  |
| T 10 | Godkjenning av alt materiale  | Veke 5, 2012                        | Norsk Fjellmuseum                                  |
| T 11 | Oversetting, manus  | Feb 2012                            |  |
| T 12 | Huslegekontrakt – Coop Ottadalen og Norsk Fjellmuseum   | 19.09.2012                          | Norsk Fjellmuseum og Coop Ottadalen BA             |
| T 13 | Produksjon, scene, grafikk, multimedia  | Koordinerast med Coop, veke 8, 2012 | Expology   |
| T 14 | Montering   | Veke 31,32,33, 2012                 | Expology, montørar og Norsk Fjellmuseum            |
| T 15 | Overtaking  | 19.09.2012, veke 38                 | Expology, Fjellmuseet                              |
| T 16 | Planlegging og gjennomføring av opning på Coop Marked Bruvoll.  | Haustkonferansen 19-20 sept. 2012   | Norsk Fjellmuseum og Coop Ottadalen, Skjåk kommune |

**Avtaler og avgjerslegrunnlag**

- Autorisasjonsavtale om grunntilskot, DN 2008
- Intensjonsavtale mellom NF og Coop Ottadalen, 26.08.2010
- Husleigekontrakt mellom NF og Coop Ottadalen, 19.09.2012
- Oppdragsbekreftelse mellom EXPOLOGY og NF, oktober 2011.



- Overleveringsprotokoll, Expology og Norsk Fjellmuseum, 19.09.2012
- Driftsavtale mellom EXPOLOGY AS og NF, okt 2012

### Møteaktivitet

- Prosjektgruppe: 8 møter
- Møte med Expology AS: 6 møter, (4 over telefon/Skype)
- Møte med Tessand snekkerlag og arkitekt: 1 oppstartmøte
- Planlegging opningsmarkering: 3 møter
- Presentasjon av prosjektet: 5 presentasjonar

## 2.4 Økonomi

Utstillinga er finansiert gjennom eit spleiselag mellom offentlig forvaltning, privat næringsliv i Skjåk kommune og egenkapital til Norsk Fjellmuseum. Endeleg budsjett og rekneskap viser at prosjektet har helde seg godt til ramma på kr. 1 345 000,-. Samla utgifter er rekna til kr. 1 352 563,-, der kr 800 000,- er finansiert med offentlege midlar, kr 280 000,- er finansiert med støtte frå privat næringsliv og kr. 272 563,- er finansiert med egenkapital frå Norsk Fjellmuseum.

### Budsjett og regnskap, 2011-2012

|  | <b>BUDSJETT</b>     | <b>REGNSKAP</b>     |
|--|---------------------|---------------------|
|  | <b>Kostnad</b>      | <b>Utgift</b>       |
| Møter og reiseutgifter                         | 5 000,00            | 2 647,50            |
| Uforutsett/div                                 | 100 000,00          | 17 978,46           |
| Kjøp av tenester til detaljering og produksjon | 1 040 000,00        | 1 161 937,05        |
| Lønnsutgifter                                  | 200 000,00          | 170 000,00          |
| <b>sum ekskl mva</b>                           | <b>1 345 000,00</b> | <b>1 352 563,01</b> |
|  |                     |                     |
|  |                     |                     |
|  | <b>Finansiering</b> | <b>Inntekt</b>      |
| Eigenkapital                                   | 265 000,00          | 272 563,01          |
| Tilskot offentlig                              | 800 000,00          | 800 000,00          |
| Tilskot privat                                 | 280 000,00          | 280 000,00          |
| <b>Sum</b>                                     | <b>1 345 000,00</b> | <b>1 352 563,01</b> |

\*alle tal utan mva

## *Levende Landskap – Informasjonsutstilling for Reinheimen og Breheimen.*

### **Drift**

DN har i 2009 løyvd kr. 200 000,- som er øyremerka husleige for ”informasjon i butikk” i nytt lokale på Coop Marked Bruvoll på Dønness. Midlane til husleiga skal fordelast over 5 år, frå leigetidspunkt og utgjer kr. 40.000,- i året.

Norsk Fjellmuseum betalar EXPOLOGY ei årleg driftsavtale på kr. 30.000,-. Men tilsyn og vedlikehald vil årlege driftskostnader for Norsk Fjellmuseum være stipulert til kr. 40.000,-.



### **3 VEDLEGG**

1. Norsk Fjellmuseum – Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparksenter, okt. 2010. Informasjonstiltak for Reinheimen. Forprosjekt 2009 – 2010.
2. Expology AS, sept.2010, Norsk Fjellmuseums informasjonsportal til nasjonalparkene Reinheimen og Breheimen.